

nr. 2 - 2009

PIRION

- kulturavis for barnehagar og skular



Lyse og luftige lokale utforma av arkitektane Olav Kristoffersen og Geir Brendeland.

FRÅ BILBUTIKK TIL BARNEHAGE - URBAN LIVSGLEDE PÅ SVARTLAMON

Kor mange by-barnehagar kan skilte med både sjørøverflagg, atelier og eige fjøs?

TEKST OG FOTO: IREN HOPE RØNHOVDE

..... URBAN LIVSGLEDE PÅ SVART

Frå rivningsklart til frodig

Bydelen Svartlamon i Trondheim hadde egentleg ikkje livets rett. Bygningane forfall, og ein ønska å rive heile området for å lage vegar, parkeringsplassar og anna nyttig. Men då sette bebuarane foten ned. Etter årevis med politisk krangling fekk dei trumfa igjennom eit prosjekt: Svartlamon skulle vere byens eigen økolandsby. Med fokus på gjenbruk, demokrati, økologi, kunst og kultur har eit spennande område vakse fram.

Midt i Trondheim, blant industribygg, plateforretning og kafé, ligg prisbelønna Svartlamon Kunst- og kulturbarnehage; ein institusjon eigna til å inspirere og tidvis forbløffe med sine utradisjonelle valg både når det gjeld arkitektur, aktivitets-tilbud og pedagogisk tenking.

Ein landleg oase i sentrum

Sytten tomme barnevogner står parkert utanfor lokala som pleidde å tilhøyre Svartlamon Auto. Rundt hjørnet bølger eit spennande landskap dominert av eit par, for tida, snøkledd jordhaugar som for ein treåring må fortone seg som eit fjell. Det eine vesle fjellet er dekorert med flaggstang og tilhøyrande sjøvarflagg som vaiaer svakt i den bitande kalde januarlufta. Rundt omkring veks ørsmå tre, og under snøen skjuler det seg grønnsaksplanter som ventar tolmogig på våren.

Litt bortgøymd står fjøset der dei bedårande pels- og fjørkledd leigetakarane held hus. På området vankar nemlig to sauer og to høner. Det heile er

ein kraftfull kontrast til industriområdet på den andre sida av den nærliggande vegen. At det er muleg å skape ein slik landleg oase midt i sentrum av landets tredje største by – det er imponerande. Respekten for liv skin tydeleg igjennom.

Klokka er halv to, og ein skulebuss svingar inn på plassen. Eit titalls lukkelege barn kjem ut. Dei har henta dyra frå ein månadslang vinterferie på besøks-garden Voll. På Svartlamon køyrer til og med sauene kollektivt! To av dei tilsette manøvrerer den brekande duoen inn på området til barnehagen, og like bak

Å forvandle ein bilbutikk til ein barnehage

Svartlamon Kunst- og kulturbarnehage, som er eigd av Trondheim kommune, tok over dei nye lokala i august 2007 etter to års planlegging. Sjølve prosjektperioden frå idé til bygging involverte bebuarane på Svartlamon, pedagogane og barna sjølv. Det svært innovative prosjektet vart belønna med Barnehageprisen 2008.

Den gamle fasaden er bevart, store utstillingsvindu gir ei mengd lys inn i dei vakre lokala. Inne



Barnehagen har tatt vare på den originale fasaden.



Kamomilla får kos. Bak står barnehagetilsett Stian Gjelvold.

kjem ein tredje berande på eit bur. I buret sitt dei to stolte hønefruene Rasken og Kamomilla.

Barna tek imot journalisten på ein nysgjerrig og hyggelig måte, og fortel ivrig om busturen og om den gamle sauene deira som har blitt bytta inn i ein ny. Nykommaren har ikkje fått noko navn ennå, men den ser ut til å trivast godt i sitt nye selskap, omgitt av omsorgsfulle små og store menneske, og den snille søya Stella. Nå skal dyra forast og finne seg til rette, og dei som vil får hjelpe til med stell og kos.

opnar det seg eit spennande, himmelhøgt rom. Tak, vegger og golv er kledd i kortvaksen gran. Midt i bygget, på det såkalte torget, er det mange meter under taket. Torget fungerer som ein italiensk piazza – altså som ein open, sosial fleirbruksplass. Vidare er det luftig og komplekst med fleire gangar, krok, dører og vinklar som leier inn til dei ulike delane av barnehagen. Trass i at dei 46 ungane er inndelt i avdelingar, er det meste av barnehagen fleirbruksretta.

Medverknad

På veggene inne i barnehagen heng store, inspirerende fotografi som barna sjølv har teke, i tillegg til fargerike teikningar og andre kreasjonar. For tida jobber dei med eit kunst-

prosjekt som skal utstillast, og ein av veggene er derfor tapetsert med stilfulle monsterskjelett-teikningar i svartkvitt. I atelieret ligg store plater med påmala bokstavar til tørk. Dei skal nyttast som dekorasjonar seinere.

Barnehagen har lagt stor vekt på medverknad. Barna har sjølve tatt del i utforminga av sjølve barnehagen, og når dei går inn i eit kunstprosjekt blir det lagt så få rammer som mogleg på førehand. Kva utfallet blir, veit ein aldri før etterpå. Det er prosessen som er det viktigaste!

Pedagogisk leier Ann Sylvi Olsen fortell at staben er opptatt av å leggje til rette for eit møte mellom ulike språk; at ein skal sjå kvarandre og opne for forskjellar. Kort sagt kommunisere med kvarandre og respektere kvarandre. Som Olsen seier: «Vi er ulike, men vi skal leve saman likevel». Ikkje alle er like opptekne av å teikne dinosaurar, ikkje alle synest det er spennande å mate dyra. Det må vere rom for å forske på eiga hand, utvikle seg sjølvstendig og samstundes få merksemd på det ein vel å gjere, saman med andre; for vi er gjensidig avhengige av kvarandre.

Midt i eit kulturkompleks

Nytt av året er eit 2500 kvadrat-

meter stort senter for kulturbasert næringsaktivitet på Svartlamon. Det nye senteret opna 16. januar

Med fokus på gjenbruk, demokrati, økologi, kunst og kultur har eit spennande område vakse fram.

og ligg vegg i vegg med barnehagen. I tråd med fellesskaps-tanken som dominerer i den særreine bydelen, står dei nye lokala også til disposisjon for barna når dei er ledige. Mellom anna vil barna få utfolde seg i ein stor og flott dansesal av og til, dersom dei vil.

Fordi dei voksne ser barna som likeverdige kulturberarar, er det naturleg at ei gjensidig utveksling av både idear, materiell og lokale finn stad. På kveldstid blir barnehagetorget nytta til dømes til møte og selskap. Det har den styrken at det er arkitektonisk utforma for å vere stimulerande for alle aldersgrupper.

Vegen vidare

Ein kan tenke seg at Svartlamon Kunst- og kulturbarnehage vil stå sterkt i eit byområde som lovar endring, utvikling og nyskaping. Barna er ein viktig del av befolkninga og bør derfor bli tekne med i drøftingane om korleis vi ønskjer å leve. Dei heldige som får vekse opp på Svartlamon kan vise seg å vere dei perfekte byutviklarane i framtida. Men inntil vidare skal dei få leike og lære under fri og kjærleg regi.

Stella blir innlosjert i fjøset.






Vi har fått ny nettside!
www.pirion.no

PIT PARION

Stad og identitet

Mang ein gong har eg støytt på barnehagebarn på vandring. I små flokkar ferdast dei på vegar og stiar i nærmiljøet. Ut på tur er eit viktig element i barnehagekulturen her i landet, og barnehagepedagogen er turleiar.

Stundom tenkjer eg på om dei også er vegvisarar inn i kulturlandskapet og om barna blir gitt nok tid til å oppdaga, oppleva og gjera erfaringar slik at dei erobrar stadene i sin barndoms landskap.



NILS TORE GRAM ØKLAND
førstelektor i norsk ved Høgskulen Stord/Haugesund (HSH)

Barn lærer verda å kjenna gjennom konkrete erfaringar – gjennom møte med menneske og stader og gjennom munnleg formidling og direkte kontakt med verda. Barnas eigen kultur er difor også munnleg og fysisk, og i ein slik oral kultur må erfaringar og opplevingar bli festa i minnet dersom dei skal takast vare på.

Ein måte å ta vare på erfaringar og opplevingar på er å formulera dei i forteljingar. Ein annan måte er å knyta dei til bestemte stader gjennom assosiasjonar: Når ein tenkjer på eller kjem til staden, dukkar opplevingane eller erfaringane opp i minnet.

Barnas oppleving av tid er også knytt til rom og opplevingar. Den kronologiske og historiske tislina er vaskeleg for barn å gripa. Dei viktige erfaringane og opplevingane er lagra som 'øyar av tid' i eit romleg minnehav. Her er det ikkje noko tydeleg skilje mellom fortid og notid.

Mitt første poeng er difor: På tur må me gi oss god tid, og

me må alltid vera på utkikk etter dei gode stadene – stader med potensiale for fysisk utfolding. I tillegg må me ha i tankane at det er dei erfaringane og opplevingane me legg til rette for som fyller staden med meining og innhald. Slik vert den personlege identiteten knytt til landskapet.

Mitt andre poeng er følgjande: Landskapet har også ein kulturell dimensjon. Det kan vera spor etter menneskeleg verksemd frå dei eldste tider, eit fornminne, som t.d. ein gravhaug, eller det kan vera noko så kvardagsleg som ein kvilestein, ein bygning eller noko som er skapt i våre dagar t.d. eit parkanlegg eller ein skulptur.

Men det lokale landskapet har også ein ikkje-materiell eller mytisk dimensjon. Til mange stader i lokalmiljøet knyter det seg forteljingar om minneverdige og merkelege hendingar, personar eller vesen. Nokre forteljingar og stader er felleseige for eit lokalsamfunn. Det er forteljingar som folk har funne så interessante, viktige eller underhaldande at dei er blitt fortalde om att og om att. Slik har dei levd på folkemunne.

Å kjenna lokalmiljøet sitt inneber også å kjenna desse forteljingane frå det lokale landskapet, både dei som byggjer på faktiske forhold og dei som handlar om det overnaturlige eller oppdikta. Det gjer landskapet levande og gir det å vandra der ein ekstra dimensjon, sjølv om ein ikkje bokstavleg tala trur så fast på forteljingane om troll, huldrer, gygrar eller andre overnaturlige vette. Den lokale identiteten er såleis ikkje berre knytt til det å veksa opp i det fysiske landskapet. Ein må også veksa seg inn i landskapet og gjera det til sitt gjennom sine egne forteljingar og gjennom lokalkulturen sine grunnforteljingar.

Kva kultur er det me ønskjer at barna våre skal lære?

PiRion-kurs Les meir på www.pirion.no



Tips oss på pirion@norsk-plan.no Me vil gjerne ha tips og innspel om det er noko du syns me bør ta opp, eller om du har tips om bøker me bør skriva om. Sjå og www.pirion.no